

Oppmoding til medlemmane i utval Areal og samferdsle

Me viser til detaljreguleringsplan for Andahavet og Langøya som skal opp i møtet 05. juni og me bed om at de tek dykk tid å lese gjennom ei oppsummering frå vår side som grunneigarar av næringsområdet på Langøya.

Grunnen til me kjenner me må reagere er at kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, og argumenta hans i saka, ikkje passar til vårt område. Vedtaket seier at detaljreguleringsplanen skal godkjennast slik den ligg føre der det stort sett berre er Statsforvaltaren sine innspel som er tatt høgde for, og lenger nede i protokollen kan me lese kommentaren frå kommunedirektøren til innkomne merknader/klager (frå mellom anna oss):

«For vurdering av de enkelte merknadene vises det til kommentarer frå konsulent i vedlagt merknadsskjema. Kommunedirektøren har forståing for at grunneigar som får sine areal regulert til grøntområde har merknader til planforslaget, men grunna den allereie omfattande planlagde utbygginga i område vurderer kommunedirektøren at ein ikkje kan opna for ytterlegare utbygging i område utan at det går på bekostning av ålmenninteresser og strandsoneverdiar.»

Me meiner at i og med vårt område er næring så er det kommunedirektøren skriv direkte feil i vårt tilfelle, då me vil opne opp for ålmenn interesse, i enda større grad enn slik området er brukt i dag.

Bakgrunn for innsendt innspel

Me kjøpte eigedommen i 2023 og byrja med å vedlikehalde både inne og ute, samstundes som me så smått diskuterte oss i mellom potensialet for eigedommen og kva me hadde lyst å få til i framtida før me eventuelt leigde inn konsulent for teikningar før vidare søkje prosess til kommunen.

Det har vore mange planar i omløp, og me som nye eigarar har ikkje blitt informert i prosessen om kva som er føreslått. Me kjøpte eigedommen slik den er regulert som næring i dag, på kartet i dag er det ikkje byggegrenser, samt nausttomter i sør på molo som no er grønt og i nord med brua som no ikkje kan nyttast grunna nye føreslegne byggegrenser.

Området er allereie brukt til næring i dag, med forsamlingslokale, alternativ skule i første etasje, djupvansskai og fiskeri der ferja Skånevik har logge vinterlagra, og som har fornya kontrakt til hausten. Området er også brukt i samband med Hengjo, der turistar parkerer bilane sine på land, og båtane som høyrer til Hiljebleikja (Hengjo) og turistutleige ligg i området med moloen. På del av området er det også båtslipp, som både bygdefolk og andre brukar til å sjøsette båtane for ein symbolsk sum som dei vippsar til naustet for vidare vedlikehald eller kjekke tiltak i området. Dette er mellom anna gratis bruk av

forsamlingslokalet til bygdefest og familiebingo, basketkorger på området m.m. Dette området er no føreslått regulert til grønt.

Inngripande for allerie etablert næring

Om den nye planen blir godkjend vil dette vere sterkt inngripande i allerie etablert næring som pågår her. Det er viktig at byggegrensene følgjer heile næringstomta også mot nord grunna både parkering, men og fortøyingspålert. Ferja som skal leige i haust og andre store båtar må kunne fortøyast skikkeleg og då må me kunne vedlikehalde også dette området som allerede er opparbeida med murar og forankring. Om me ikkje kan forlengje avtalen med ferja vil det vere svært trist for fleire enn oss. Gjennom tida den har logge ved kai har elevar ved Bømlo vgs jobba med ferja i skuletida, og tilegna seg erfaring og kunnskap som no vil bli vanskeleg å erstatte.

Området som før var oransje, ved molo, vil no framstå som uferdig, då det berre er grus på moloen. Parkering til Hengjo eller til gjester ved forsamlingslokale vil og bli vanskeleg og båttopprekket vil ikkje lenger kunne brukast, hverken av oss eller av bygdefolk og andre.

Vil opne opp for ålmenne interesser

Om me skal sjå på vidare utvikling av området vil det vere svært hemmande om planen slik den ligg blir godkjend. Her finnes det mange moglegheiter og mykje vilje til å få til aktivitet som kan vere nyttig og kjekt for heile Bømlo. Det er moglegheit for flytande sauna som folk kan leige, småbåthamn med delenaust/boder som folk kan nytte, ein kan dele opp bygget og utvikle det vidare slik at området kan framstå som prosjektet på Dalaneset, der eldre i kommunen kan få ein god alderdom, nære sjø og sentrum og med det kunne bu lenger heime. I området bak molo som no er førelått til grønt låg det første naustet der det vart drive fiskerinæring sidan 50-talet. Her har også stått båtnaust der båttopprekket no er. Her har det og blitt diskutert oss i mellom at det hadde vore ein moglegheit for å byggje det opp slik det eingong var. Dette er planar me så vidt berre var byrja å drøfte, men med denne løysinga slik planen føreligg mistar me motet aldeles og tenkjer at her får me ikkje til noko, og det me endar opp med å ha betalt for er eit festlokale som ligg på ein kai som ikkje kan brukast til noko. Til opplysing så meiner og dei førre eigarane at kommunikasjonen undervegs i reguleringsarbeidet har vore mangelfull, slik at også dei meiner at det ikkje er rett at me har betalt for næringsområdet slik det nok ligg på kartet, men at me kan ende opp med eit heilt anna, og begrensa næringsområde kort tid etter overtaking.

Me bed difor igjen om at området blir tilbakeført slik det ligg i den opprinnelege planen som er gjeldande no, og med byggegrensar som fylgjer heile næringsområdet i begge endar slik at ålmenninginteressa verkeleg kan få tilgong til området og vidare utvikling vil vere mogeleg for oss som grunneigarar.

Med vennleg helsing

Vidar Alvsvåg

Stian Alvsvåg

Hengjo Eiendom ANS og Langøen Brygge AS